



Indre Nordfjord Turlag



Årsmelding Indre Nordfjord Turlag 2019



På veg mot Skarsteinsfjellet

(ein flott dag når ein kom seg over Skoddehavet)

Årsmøtet 2019

Indre Nordfjord Turlag

Onsdag 20.november kl.19.00

Stryn Vidaregåande Skule

Sakliste:

- 1) Godkjenning av innkallinga
- 2) Val av møteleiar og sekretær
- 3) Val av to til å skrive under møteprotokollen
- 4) Årsmelding INT 2019
- 5) Rekneskap
- 6) Eventuelt
- 7) Val
- 8) Pause
- 9) Regionalisering – nye fylkes-og kommunegrenser – konsekvensar for turlaga
- 10) Bilder frå turar i 2019
- 11) Dagsturhytta Stryn – Kloppemyra
- 12) Ferdigstilling av Stiprosjekt i Utvik

Velkomne

Olav Auflem

- Leiar -



Indre Nordfjord Turlag Årsmelding 2019

Årsmøtet for 2018 vart halde onsdag 21.november på Stryn Vidaregåande Skule. Rundt 30 personar møtte . Dei vanlege årsmøtesakene gjekk unna i raskt tempo. Alle som stod på val i hovedstyret tok attval, så valkomiteen hadde ein enkel jobb er. Som vedtektene tilseier skal det vere 2 varamedlemmar - ny her vart Eva Guddal. Ingrid Henjum takka av som leiar i Barnas Turlag – ny leiar her vart Liv Sissel Dale. Nemnda har i løpet av året styrka seg med fleire gruppedlemmer. Hovedstyret i Indre Nordfjord Turlag har hatt denne samansettinga i 2019.

Leiar	Olav Auflem
Nestleiar	Odd Henrik Berge
Sekretær	Siv Solheim
Økonomiansvarleg	Idar Skogli
Styremedlem	Jan Skaare
Styremedlem	Renate Berstad
Styremedlem	Kristine Tonning
1.vara	Wenche Johanne Henden
2.vara	Eva Guddal

Gruppeleiarar:

Bre – og Fjellsport	Siv Solheim
Barnas Turlag	Liv Sissel Dale
INT – Ung	Sigurd Berge
Hyttestyret Vetledalssetra	Dag Greidung/Jon Erik Greidung/Per Jakob Kyrkjeide/Stig Skåre.

INT – Infimus:

Ansvarlege	Arne Heggstad og Hans Støle
------------	-----------------------------

Det har i 2019 vore handsama 35 styresaker. Medlemmar av styret har deltatt på ulike møter med kommunen og der det har vore naudsynt å vere representert. Ulike nemder og dei andre undergruppene har organisert seg sjølve og jobba sjølvstendig og godt. Det har også i 2019 vore ein flott medlemsauke – **frå 549 til 590** medlemmar pr. 3.oktober. I 2020 håpar vi at vi rundar 600 medlemmar.

Representasjon/utsendingar til møter 2019:

Landsmøte Bre – og Fjellsport	Siv Solheim
Landsmøte DNT Svolve	Olav Auflem/Odd Henrik Berge/Renate Berstad
Fellesmøte Gloppen	Olav Auflem/Renate Berstad
Repr. i Jostedalsbreen	
Nasjonalparksenter	Olav Auflem
Kontaktpersonar Stryn Kommune/	
Dagsturhytta	Olav Auflem/Renate Berstad
Vara Sogn og Fjordane Turlag	Odd Henrik Berg
Medlem utval SFT (regionalisering)	Olav Auflem

Kurs/Anna

Skredvettdag	Hornindal Skisenter
Skreddag	Stryn Skisenter
Ferskingkurs (ferdig vår 2020)	Samarbeid med Stryn Kommune



Indre Nordfjord Turlag



Turar 2019

Vi har hatt eit år med mange fine turar frå første turen på ski til siste turen- blåtur i Myklebustdalen for vaksne og Lommelykttur BT til Røde Kors Hytta i oktober. Ranging av turane er ikkje så enkelt – men trekkjer likevel fram skituren på Ceciliekruna- Rundturen i Utvik der vi var innom 4 støylar og turen på Skarsteinsfjellet frå Løken til ned att via Honvasshytta til Skarsteinssetra.



Klar til avgang Ceciliekruna



Skilting på Brulandstøylen



Høgt til fjells med god utsikt mot Ceciliekruna



Årsmelding 2019 Barnas Turlag Indre Nordfjord

Vinterens Kom Deg Ut dag arrangerte vi på Ullsheim i Markane 3.februar. Været var ikkje heilt supert, så det gjorde nok at nokre ikkje våga seg ut, men vi talde ca 150 små og store.

1.mai var det kick-off tur for Turboturane. Turen gjekk til Skarsteinsætra i Olden. Planen var å grille pølser, men været hadde vore tørt lenge, så vi torde ikkje fyre opp bål der oppe. Så vi hadde bestilt kanel-bollar frå Smak og kjøpt inn saft. Når dagen kom kom også regnet, så pølsegrilling hadde nok gått fint. Var litt kaldt på toppen, men vi åpna eine selet slik at folk kunne gå inn og varme seg der. Der var ca. 70 personar innom og fekk seg kanelnurr.

18.mai skulle Hoven feire 1 års jubileum og hadde invitert Barnas Turlag med for å lage opplegg for barna. Vi stilte med miljø-løype og premiar. Der var ikkje mange innom, men håpar vi fekk markert oss litt.

11.august var der fellestur til Avleisetra i Olden. Den vart nok ikkje reklamert nok for, dessutan var det vel ferietid for ein del, og så var heller ikkje være bra. I tillegg til oss i styret, var der ein vaksen og 6 barn.

8.september var det klart for haustens Kom-Deg-Ut dag. Denne gangen arrangerte vi den Ved nausta på Stadion. Mykje folk var innom (ca. 100!), og alle grillspyda vi delte ut, forsvant. Været var supert! Nokre fekk prøve kano, nokre fiska, nokre gjekk naturstien vår, nokon prøvde slakk line og nokre leika på grusbana. Alt i alt ein vellykka dag!

19.oktober arrangerte vi lommelykttur til Spjelkebu. Vel 110 store og små var med. Været var absolutt på vår side denne gangen også.

23 born har i år gått minst 5 Turbo-turar og levert inn skjema. Alle får ein liten premie.

Så alt i alt har det vore ein bra sesong.

Liv Sissel Dale



Barnas Turlag med Turbo på Skarsteinssetra



Årsmelding Indre Nordfjord turlag Bre og Fjellsport 2019

Bre og Fjellsportgruppa har bestått av Jonny Hjelle, Vidar Dysthe, Per Jakob Kyrkjeide og Siv solheim

Det var sett opp 7 Fjellsportturar i turprogrammet 2019. Dei fleste var topptura på ski i Nordfjord og Sunnmøre.

Nytt av året var Skredvettdagen 2019. Dette var ein felles dag for alle DNT laga, eit gratis lavterskeltilbod åpent for alle med fokus på trygg ferdsel i fjellet.

Dagen var arrangert 16.02 på Hornindal skisenter. Vi leigde inn Einar Løken som tok deltakarane gjennom ein skredworkshop med ei teoretisk økt inne og ei praktisk økt ute i terrenget. Det var øving på bruk av søkjar/sendar.

Vi hadde skredquiss, med fine premiar utdelt frå DNT sponsor Bergans og frå Sport 1 i Stryn. Pga av dårleg vær var ikkje frammøtet i skibakken og på skredvettdagen det største. Ca 20 personar var med.

Siv var utsending på årsmøte i DNT fjellsport som vart avvikla i Lyngen.

Bre og Fjellsportgruppa Indre Nordfjord turlag

Siv Solheim



Årsmelding Ung-gruppa 2019

Ung-gruppa har vore lite aktiv i år, men det har likevel vore tilbud for ungdom.

16. februar arrangerte INT skredvettdag i Hornindal skisenter der det deltok ungdom. Det blei arrangert 1-dags skredkurs for ungdom den 21. februar på Stryn Skisenter. Kurset var gratis og 4 ungdomar frå Indre Nordfjord Turlag deltok. Vi fekk midlar frå Erling Bjørstad Stiftelse til å arrangere kurset.

Randoneeutstyret.

Etter at ein i januar 2018 kjøpte inn dei 6 første setta med randoneeutstyr, har ein sett att dette er det stort behov for. Dermed blei det kjøpt inn meir utstyr i februar 2019 slik at ein i dag har 9 komplette sett med randoneeutsyr (består av ski med binding og feller, sko, staver, hjelm og skredutstyr). I tillegg har ein 3 sett til med ski og støvler. Utstyret er lokalisert på Årheim i Stryn og det har vore stor etterspørsel etter å få låne dette. I år har 56 ulike ungdomar lånt utstyret ein eller fleire gonger (totalt 138 dager). I tillegg har mange vaksne og lånt utstyr når det ikkje har vore opptatt til ungdom. Ungdommer i INT låner gratis, mens andre betaler litt. Men det er mykje arbeid med utleige og vedlikehold, så ein bruker kanskje 100 dugnadstimer pr år på dette.

At ungdom kan kome seg ut på ski utan at ein må ha eige dyrt utstyr set mange pris på.

Det blei og arrangert ein kanotur for ungdom på Oppstrynsvatnet 15. august. Kanopadling, fisking og bålkos var kjekke aktiviteter for dei 8 ungdommane som deltok.

Når det gjeld framtida for ung-gruppa er vi avhengig av å få inn noken engasjerte ungdommar.

for Ung-gruppa

Odd Henrik Berge



Ski med tilbehør til utlån



Offisiell opning av stinett i Utvik på Myklebustøylen med ordfører Sven Flo



Vetledalssetra : 89 registrerte overnattingar 2019 – 139 dagsbesøk. Strynekåpa i bakgrunnen.



Indre Nordfjord Turklag



Onsdagsturar 2019

Mange flotte og kjekke onsdagsturar som i år samla mykje folk på tur. Då er det kjekt å vere arrangør.



Avslutning på Kyrkjeidesetra med stil. Nesten så ein skulle ha overnatta.

